

**Foretaksnavn:** Bergen og Hordaland Turlag  
**Navn:** Sigrid Kvåle Myksvoll  
**Adresse:** Tverrgaten 4-6  
**Postnr.:** 5017 Bergen  
**Telefon:** 55 33 58 15  
**Mobiltelefon:** 90850308  
**E-post:** sigrid@bergen-turlag.no

**Mottaker:** Hordaland fylkeskommune  
**Saksnr.:** 2016/35219

---

SLUTTRAPPORT

REFERANSENØ.: 18RACB8

---

## Klart det går!

### Egenvurdering av gjennomføring av tiltaket og tiltakets effekt

Ble tiltaket gjennomført som planlagt? Ja

#### Egenvurdering av prosjektets faglige resultater og gjennomføring:

Vi vurderer prosjektet som vel gjennomført, og er fornøgd med oppstarten av "Klart det går"-prosjektet vårt. Vi ser at vi må vere tålmodige når det kjem til utvikling av tilbudet, samt rekruttering av deltakarar og frivillige. Ikkje minst er det stort utviklingspotensial i satsninga, noko vi ser positivt på.

#### Beskriv kort hva ved tiltaket som var spesielt vellykket, middels vellykket og mindre vellykket:

I løpet av 2017 starta vi opp eit turlag i samarbeid med Norges Blindforbund Hordaland. Konseptet er éin søndagstur i mnd, med unntak av travle mnd. Dette er vi særleg fornøgd med, spesielt sidan vi har hatt god deltaking (mellom 20-30 stk på kvar tur) og fått gode tilbakemeldingar.

"Klart det går" er eit nasjonalt prosjekt i DNT for inkludering av personar med nedsatt funksjonsevne, og hovudutfordringa i andre foreiningar har vore at deltakarar ikkje har meldt seg på. På søndagsturane har dette gått fint, og vi trur særleg det skyldast det direkte samarbeidet med brukerorganisasjonen.

Vi har også gjennomført tilrettelagt hundekjøring i Hordnesskogen og turorientering på Totland, som har fått gode tilbakemeldingar, men har ellers slitt med å få med deltakarar på padling. Vi er derfor fornøgd med mykje og skal ta dette med oss vidare, samtidig som det er ein del momenter vi ønskjer å forbedre og videreutvikle til neste år. Det har også, noko overraskande, krevd mykje ressursar frå prosjektleiar å rekruttere frivillige, så dette er eit moment som tydeleg viser at ein er avhengig av administrerende krefter i oppstartsåra.

Vi er særleg fornøgd med aktivitetar vi har oppretta konkret for målgruppa, men har ein jobb å gjere når det kjem til å tilrettelegge allereie etablerte aktivitetar. Små og viktige grep kan nok gjerast innanfor nokon aktivitetar, mens meir omfattande endringar må til på andre aktivitetar. Hovudsakeleg handlar det

om å få med mange av dei frivillige som set opp turforslag til å tenke i desse baner.

Prosjektleiari har lagt ned arbeid med å kartlegge nettverk med organisasjonar som kan benytte seg av tilbodet, og har etter kontakt i starten av 2017 med Norges Blindforbund Hordaland og Arbeidsmiljøskaddes Landsforbund per dags dato eit meir etablert samarbeid. Vi har også oppretta samarbeid med Norges Handikapforbund Sør-Vest, Norges Handikapforbund Ungdom Sør-Vest og Barnas Fysioterapiser, som vi håpar å sjå resultat av i 2018.

**Gi en vurdering av i hvilken grad tiltaket forventes å gi varig økt deltakelse i friluftsliv for deltakerne:**  
Vi forventer og trur at tiltaket skal gje varig økt deltaking i friluftsliv for deltakarane. Målet vårt er at vi skal fungere som ein døråopnar for personar med ulike funksjonsnedsetjingar - personar som gjerne har fleire tersklar å kome over enn funksjonsfriske. Vi skal vere lydhør ovanfor deltakarane, og tilpasse utviklinga av tilbodet etter dette. Vi forsøker å skape trygge, sosiale møteplassar, kor nivået leggst etter kvar enkelt sitt utgangspunkt - og på denne måten trur vi at vi skal klare å gje varig deltaking.

**Beskriv kort, gjerne med stikkord, hva som vurderes som suksesskriterier for å lykkes med denne type tiltak:**

Fyrst og fremst er det viktig at prosjektleiari har tilstrekkeleg tid til å satse på tiltaket. Det innebærer koordineringsmidler slik at personen kan bruke tid på å utvikle prosjektet; aktivitetstilbodet, samarbeidspartnarar og informasjonstiltak. Prosjektleiari har delteke på tidkrevande arrangement og samlingar med andre medlemsforeiningar - som ein del av det nasjonale Klart det går-nettverket i DNT.

God kommunikasjon med samarbeidspartnarar vurderast også som viktig faktor her, samt å bruke tid på å møte (potensielle) deltakarar for å høyre kva brukargruppa sjølv ønskjer.

## Flere opplysninger om gjennomført tiltak

**Type gjennomført tiltak:** Organisert tur eller annen aktivitet som ikke er kurs eller opplæring

Ca antall deltakere fra følgende målgrupper	Antall
Personer med innvandrerbakgrunn	
Personer med etnisk norsk bakgrunn	145
Personer med nedsatt funksjonsevne	90
Personer som er svært fysisk aktive	5
Personer som er moderat fysisk aktive	50
Personer som er lite fysisk aktive	90
Totalt antall deltakere	145

Ca antall deltakere fra følgende aldersgrupper	Antall
0-12 år	15
13-19 år	10

20-66 år	45
67 år og eldre	
Totalt antall deltakere	70

**Vurdering av antatt helseeffekt for deltakerne:** Meget god

**Begrunnelse for vurdering av helseeffekt:**

Under alle aktivitetene har fysisk aktivitet vore involvert (om noko mindre under hundekjøring), men ikkje minst meiner vi også at utviklinga av dette tilbodet kan ha god psykisk helseeffekt:

- Å kunne delta i aktivitet og vere trygg på at det er tilrettelagt
- Vere sosial med andre, både andre med funksjonsnedsettingar men også funksjonsfriske
- Bli verdsatt, respektert og godtatt
- Aktivitetar med mestring, men ikkje konkurranse

Ca. 90 personar med nedsatt funksjonsevne har fått gode opplevingar berre i oppstarten av prosjektet, og vi håpar og har tru på at enda fleire får dette i åra framover.

## Samarbeid og markedsføring

**Samarbeid med andre i forbindelse med gjennomføring av tiltaket**

**Er tiltaket gjennomført i samarbeid med andre?** Ja

**Det er samarbeidet med følgende:**

- Funksjonshemmedes organisasjoner
- Offentlige etater

**Navngi hvilke organisasjoner/etater det er samarbeidet med og eventuelt nærmere beskrivelse av samarbeidet:**

Norges Blindforbund Hordaland  
 Norges Handikapforbund Sør Vest  
 Norges Handikapforbund Ungdom Sør-Vest  
 Norges Handikapforbund, lokallag Bergen  
 Fana Idrettslag  
 Barnas Fysioterapisenter  
 Arbeidsmiljøskaddes Landsforbund

**Markedsføring av tiltaket**

**Er det utført markedsføring av tiltaket?** Ja

**Type markedsføring:**

- Aviser/tidsskrifter
- Oppsøkende virksomhet og møter med potensielle deltakere eller representanter for potensielle deltakere
- Annet

**Gi en nærmere beskrivelse av markedsføring:**

Vi har vore til stades på "Funkisdagen", eit stort event på Festplassen som NHF Ungdom Sør-Vest står bak. BHT var tilstades som samarbeidspartner, og oppsøkte potensielle brukarar av tilbodet for å høyre meir om ønskjer knytta til aktivitetar.

Vi har brukt Facebook som markedsføringskanal. Vi legg ut framtidige eventar og forteller om Klart det går, og betalar på dette for å nå ut til fleire. Dette anser vi som ein viktig kanal.

Vi har informert om oppstarten vår av Klart det går i friluftsmagasinet vårt som vi gjer ut fleire ganger i året.

Vi har vore på fleire møter med potensielle samarbeidspartnarar, og prata høgt om Klart det går i alle samanhengar kor potensielle brukarar kan få det med seg.

Vi har jobba med markedsføring og informasjon, men merker at vi framleis er i startgropa. Vi håpar det blir lettare og enda meir effektivt med markedsføring når vi har enda fleire, og betre aktivitetar og dele.

## Regnskap

Utgifter	Budsjett fra søknad	Regnskap
Koordinering, planlegging, rekruttering	100 000	50 000
Subsidiering, deltakelse	20 000	2 580
Utstyr	10 000	2 030
Markedsføring, informasjonstiltak	70 000	31 800
Dugnad	5 000	5 000
Mat til aktivitetar og arrangement		1 203
Transport - til aktivitet,møter, seminar		4 802
Honorar til instruktørar		7 500
<b>Total sum</b>	<b>205 000</b>	<b>104 915</b>

Inntekter	Budsjett fra søknad	Regnskap
Sum innvilget denne søknaden	100 000	100 000
Dugnadsinnsats	5 000	5 000
Andre offentlige tilskudd	0	300 000
Annen finansiering	0	0
Egne midler	100 000	0
<b>Total sum</b>	<b>205 000</b>	<b>405 000</b>

**Regnskapsbalanse: 300 085**

**Forklaring til regnskapet, herunder eventuelle innsparinger/avvik i forhold til søknaden:**

I 2017 mottok vi også støtte frå LNU - Aktivitetsstøtta til Klart det går-prosjektet (i etterkant av denne

søknadsfristen). For at prosjektleiaren vår kunne sette igang eit slikt prosjekt frå byrjinga av, var vi avhengige av meir midler enn det vi søkte på frå HFK. Det kan forklare endringar i sum mellom dei ulike postane - f. eks har vi kjøpt inn ei turvogn som kan brukast av personar som sjølv ikkje kan bruke beina, og denne er plassert i LNU sitt rekneskap.

Satsen på subsidiering er lavare enn i søknad, og ein årsak til dette trur vi kan vere at fleire ikkje har benytta seg av denne moglegheiten pga uvissheit. Vi vil jobbe med å synleggjere denne moglegheiten.

Ellers blei denne søknaden skrivi fleire månadar før vi fekk satt skikkelig igang, og prosjektleiar har brukt året på å sette seg inn i kva reelle kostnader er i eit slikt prosjekt. Dette er vanskeleg i forkant av reell erfaring. Dette meiner vi også blir lettare framover no som vi har lært mykje i oppstartsåret.

## Vedlegg

- 📎 Klart det går-søndagstur 26.11.17 Foto Bergen og Hordaland Turlag.JPG (Bilde)
- 📎 Tilrettelagt hundekjøring i Hordnesskogen 13.12.17 Foto Anne Charlotte Valaker Bruheim.jpg (Bilde)
- 📎 3-dagers tilrettelagt tur, samarbeid mellom DNT og Valnesfjorden Helsesportsenter, Foto Inger Sjøberg.JPG (Bilde)

### Merknad:

*Ingen merknad*

[sign] **Sigrid Kvåle Myksvoll** for **Bergen og Hordaland Turlag**

---

Lvert 12.01.2018